



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	19.06.2014
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 14/14	Referatsaker	
PS 14/15	Egengodkjenning - Omregulering av del av Reguleringsplan Midsund sentrum - " Midsundfjæra"	2013/587

Midsund, 13.06.2014



Einar Øien
Ordfører



Astrid Abelseth
Sekretær



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Kantina, Midsund kommunehus
Dato:	02.06.2014
Tid:	12:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Einar Øien	LEDER	FRP
Odd Helge Gangstad	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Robin Mikal Sørлие	NESTL	H
Oddny Lisbeth Midtbø Rød	MEDL	FRP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Kolbjørn Ove Stølen	Robin Mikal Sørлие	H
Ivar Blø	Oddny Lisbeth Midtbø Rød	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Linda Heimen	Planleggar
Astrid Abelseth	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Einar Øien

Odd Helge Gangstad

Bjørn Wang

Ivar Blø

Kolbjørn Ove Stølen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 14/11	Referatsaker	
PS 14/12	Forslag - planprogram for kommuneplanens arealdel	2013/562
PS 14/13	Riving av eksisterande båtnaust og oppføring av nytt båtnaust samt opprydding og forsterking av eksisterande båttstø og vorrar gnr. 36 bnr. 3 - Oddbjørn Holm	2014/170

Den 02. juni 2014 vart det halde møte i Planutvalet i kantina på Midsund kommunehus.

Møtet vart leia av ordførar Einar Øien.
Møtet tok til kl. 12.00.

Robin Mikal Sørлие (H) og Oddny Lisbeth Midtbø Rød (FRP) hadde meldt forfall. Kolbjørn Ove Stølen (H) og Ivar Blø (FRP) møtte som vara.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

PS 14/11 Referatsaker

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.06.2014

Protokoll frå møtet i Planutvalet 07.04.2014 vart godkjent.

PS 14/12 Forslag - planprogram for kommuneplanens arealdel

Forslag til vedtak:

Planutvalet godkjenner forslag til planprogram for kommuneplanens arealdel og vedtek samstundes at oppstart av planarbeidet varslast og forslaget til planprogram leggjast ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 11-13.

Behandling i Planutvalet - 02.06.2014

Planleggar Linda Heimen orienterte.

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.06.2014

Planutvalet godkjenner forslag til planprogram for kommuneplanens arealdel og vedtek samstundes at oppstart av planarbeidet varslast og forslaget til planprogram leggjast ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova § 11-13.

PS 14/13 Riving av eksisterande båtnaust og oppføring av nytt båtnaust samt opprydding og forsterking av eksisterande båtstø og vorrar gnr. 36 bnr. 3 - Oddbjørn Holm

Forslag til vedtak:

Oddbjørn Holm får dispensasjon til riving av eksisterande naust, og oppføring av nytt naust med BYA på 40 m², mønehøgde på 4,8 m og ein takvinkel på 25° samt rydding av eksisterande båtstø med vorrar på nausttomt tilhøyrande gnr. 36 bnr. 3.

Vilkår: Det vil ikkje vere tillatt med gjerde/levégg eller andre stengsler rundt naustet.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

Samrøystes vedtak i Planutvalet - 02.06.2014

Oddbjørn Holm får dispensasjon til riving av eksisterande naust, og oppføring av nytt naust med BYA på 40 m², mønehøgde på 4,8 m og ein takvinkel på 25° samt rydding av eksisterande båtstø med vorrar på nausttomt tilhøyrande gnr. 36 bnr. 3.

Vilkår: Det vil ikkje vere tillatt med gjerde/levegg eller andre stengsler rundt naustet.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

Møtet vart heva kl. 18.05.



Saksframlegg

Eigengodkjenning - Omregulering av del av Reguleringsplan for Midsund sentrum - "Midsundfjora"

Utvalsak	Utval	Møtedato
14/15	Planutvalet	19.06.2014
14/37	Kommunestyret	19.06.2014

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Midsundfjora, plankart av 27.03.14 og føresegn, planomtale av 31.03.14 og ROS-analyse.
2. Reguleringsplana er områderegulering etter plan- og bygningslova § 12-2.

Saksutgreiing:

Plana gjeld omregulering av del av reguleringsplana «Midsund sentrum». Reguleringsplana har fått namnet «Midsundfjora».

Formål med omreguleringa:

- Vurdere vegsystemet på nytt
- Sette ny utnyttingsgrad på områda.
- Lage ny føresegn
- Vurdere andre detaljar

Viktige hendingar:

- Planutvalet – vedtak om oppstart av omrgulering «Midsundfjora» den 12.12.2013 med høyringsfrist til 21.02.14
- Møte med grunneigarane 30.01.14
- Møte med naboane 21.02.14
- Møte med grunneigarane 13.03.14
- Møte med grunneigarane 17.03.14

- Dialogmøte med naboane den 04.02.14
- Planutvalet – vedtak om høyring av reguleringsplanforslag av 07.04.14, med høyringsfrist den 02.06.14

Det har komme inn 7 merknadar.

Vurdering:

Merknadar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 27.05.14

Ingen merknad.

Rådmannens kommentar

Ingen

Molde og Romsdal hamn IKS av 20.05.14

Utfylling og anlegg i sjø er søknadspliktig.

Elles ingen merknadar.

Rådmannens kommentar

Dette kjem under byggesaksbehandling.

Norges vassdrags- og energidirektorat av 28.05.14

- Rår til at ein følgjer prosedyrane i «Sikkerhet mot kvikkleireskred» av april 2014.

Rådmannens kommentar

Rådmannen meiner at kravet er oppfylt ved at ein i felles føresegner har tatt inn ei setning :

Geotekniske tilhøve i tiltaksområdet skal dokumenterast ved søknad om byggjeløyve.

I denne saka er det snakk om når undersøkingane og dokumentasjon over grunnforholda skal føreliggje enten i reguleringsarbeidet eller i byggjesøknaden. I denne plana vert det i byggjesaka.

Merknad ikkje tatt til følge.

Kystverket av 05.06.14

Tiltak i Sjøområdet krev godkjenning frå lokal hamnemyndigheit.

Elles ingen merknadar

Rådmannens kommentar

Dette kjem under byggesaksbehandling.

Statens vegvesen av 28.04.14

Ingen merknadar.

Rådmannens kommentar

Ingen

Møre og Romsdal fylkeskommune av 02.06.14

- Tilbakeføre området kring «Krabbevikbua» til opphavleg strandlinje.
- Bustadområde må tilpassa seg den dei verneverdige bygningane mot sørvest.
- Barn og unge – ok

- Gangveg langs sjøen positivt, men burde hatt eigen gangsti ned til sjøen i nord. Elles ingen merknadar.

Rådmannens kommentar

Tilbakeføring til opphavleg strandlinje rundt «Krabbekvua» blir behandla som eiga sak i formannskapet. Eigar av «Krabbekvua» ønskjer å få fram den gamle muren som ligg i grensa (mot aust) til Midsund kommune sin eigedom G.nr 50 B. nr 97. I denne skaka må ein sjå på kva som har skjedd i dei seinare år, utfylling ut i sjøen på både mot aust -og vest sida. Ny bryggje mot nord som er oppsett av dagens eigar. Den nye bryggja dekkjer heile frontmuren. Området til Midsund kommune (1000 årsplassen) er tenkt som ein buffer mellom verneverdige bygg og ny bustadområde. I dette område er det ikkje tenkt nokon form for bygg. Trafikken ned til småbåtanlegg SB1 er så liten at MK har lagt gangveg ned til sjøen saman med innkjøringa til småbåtanlegg SB1.

Merknadar tatt til følgje

På vegne av Edvin Misund og Norun Mortensen av 21.05.14

- Positiv til ny vegløyning.
- Gje ytterligare føresegn om aktivitetar på småbåtanlegg SB1 som genererer støy, dette for å ta omsyn til naboane.

Rådmannens kommentar

Midsund kommune har prøvd å leggje til rette for skjerming av småbåtanlegg SB1 med bodar opp mot Sjølettevegen. Støyforhold (nabostøy) det vises til i merkningen reguleres av annet lovverk enn (pbl) Plan og bygningslova. Pbl regulerer fysiske forhold. Reguleringsplanføresegnene kan vise til grenseverdi for støy når vi snakkar om skadelig støy som kan krevje fysiske tiltak. Annen støy, eller naboforhold generelt, reguleras for eksempel av Grannelova, Politiføresegner og Loven om helgedagsfred.

Merknad delvis tatt til følgje.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Plankart, av 27.03.14, planomtale av 31.03.14, føresegn, ROS, merknadar

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Høyrings svar.